

## Husreglar

Velkomen! Kjekt at de vil låne huset vårt!

Det er mange som bruker lokala, og difor må alle vera med å oppretthalde orden og ryddigkeit. Difor ber me dykk:

1. Rydd og vask etter dykk i ALLE rom de har nytta. Utstyr finn du i vaskerommet i underetasjen. De har ansvar for at dei som kjem etter dykk kjem til eit reint og ryddig lokale. De kan be vår reingjeringshjelp om å ta vasken, for eit tillegg i leiga pr arbeidstime.
2. Tøm bossbøtter i alle rom de har brukt. Boss-spann finn det i le-skuret ute.
3. Legg brukte moppar og klutar på vaskerommet i underetasjen
4. Ta ut kontaktar til elektrisk utstyr som de har brukt (til dømes kaffitraktar og vasskokar)
5. Slå av lys og varme. Termostaten i alle rom skal stå på 10 grader. I gymsalen skal det stå på 15 grader. På kjøkenet er det ein straumbrytar innerst i rommet (ved sidan av termostaten) som skal slåast av.
6. Har de nytta oppvaskmaskina må denne reingjerast og slåast av som anvist.
7. Det er to ulike slags bord og stolar nede i matsalen og oppe i gymsalen. Vi ynskjer at dei skal haldast kvar for seg, slik at det nyaste møblementet blir brukt nede. Dersom det ikkje er nok møblar oppe til eit arrangement, ta kontakt med oss om bruk av «nedemøblane» oppe.c
8. Om vinteren brøyter vi nok parkeringsplass til 15-20 bilar. Dersom det er bruk for meir, må leigetakar betale for ekstra brøyting.

### Gymsalen

1. Bruk innesko

2. Dersom det er bruk for deler av eller heile scenen, må leigetakar anten sjølv rydde den og sette ting på plass etterpå, eller avklare det med idrettslaget om det på førehand.
3. Ta kontakt med bygdelaget på førehand dersom det er bruk for lydutstyret og de ikkje har nokon som er lært opp og orientert om bruken. Merk eigne prisar for privat leige.
4. Ventilasjon: Brytaren finn de ved det elektriske skåpet på scena. Still brytar på så lenge aktiviteten varer (1-6 timer).
5. Rydd stolar, bord og anna utstyr på plass.
6. Tørrmopp golvet etter bruk (utstyr finn du i utstyrssrommet eller i vaskerommet i underetasjen). Har de brukt andre rom enn gymsalen må dei og moppast.
7. Sjå til at alle lysa er slått av (i gangen, på toalettet).
8. Sjekk at alle glasa er lukka.
9. Meld frå til styret i bygdelaget om noko ikkje er i orden.

**Born under 18 år skal ikkje vera i huset utan tilsyn av vaksne.**